



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 03.09.2018, kl 14.30 – 17.00

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Ragnhild Tykhelle Langøy, Martin Soltveit, Henrik Kjøpstad (tilsettrep.)*, Kariann Ekren (1. vara) og Geir Jektvik (vara tilsettrep.)

** Tilsettrepresentant skal etter IKS-lova § 10 ikkje ta del i handsaminga av saker der selskapet har mynde til å treffa einskildvedtak, og Henrik Kjøpstad var difor ikkje til stades under handsaming av sak 19a-e/18.*

Frå styret møte ikkje:

Kristin Handeland

Frå representantskapetmøtte ikkje:

Liv-Anne Aanesen (repr.sk.leiar)

Frå administrasjonen møte:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref.) og Erlend Kleiveland (økonomisjef)
Hilde Lysø (seniorrådgjevar) deltok under sak 17c/18 og sak 18/18

Sakliste:

Sak 15/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 16/18 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Sak 17/18 Meldingar

- a) Diverse munnleg orientering
- b) Oppstrøms og nedstrøms løysingar (Bjørn og Erlend orienterer i møte)
- c) Godtgjersle til styre og representantskap
- d) Sjukefråvær 1. halvår 2018
- e) Avfallsmengder 1. halvår 2018
- f) Rekneskap 1. halvår 2018
- g) Styreevaluering
- h) KS: Kurs for styret

Sak 18/18 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring

Sak 19/18 Handsaming av klagesaker renovasjonsgebyr (5 saker 19a-e)

Sak 15/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 16/18 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøte 07.05.18 vart godkjent og signert.

Sak 17/18 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

Byggesaker

1 Betongplater

Avtale inngått med Veidekke AS. Pris kr 6 274 137. Oppstart 01.09.

Gjelder ca 5 000 m² betongplate for handsaming av metall og trevirke, inkludert konteinarmur for opplasting. I tillegg ei mindre plate framfor «biltappebua» og reparasjon/erstatning av aquadrain på same plass. Konsulenttenester frå COWI.

2 Reinseanlegget

Eigedomskjøp er ferdig handsama. Venter på skøyte på eigedomane. Venter og på eventuelle tilbakemeldingar på nabovarsel. Byggesak vert sendt i september.

Anbod et er klart og går ut på Doffin samtidig med byggesakssøknad. Konsulenttenester frå COWI.

3 Administrasjonsbygg

Venter på forslag på 2-3 ulike løysingar frå arkitekt. Dette vil gje grunnlag for val av løysning. Diskusjon med tilsette. Arkitekt/konsulent frå Asplan Viak.

4 Lagerbygg og nytt kundemottak for farleg avfall i Kjevikdalen

Uisolert lagerbygg/skur (3 vegger og open langside) for lagring av farleg avfall ++. Planlagt tvers for hovudmottak for farleg avfall. Ca 200 m². Etter krav frå fylkesmannen må alt farleg avfall lagrast under tak.

Nytt kundemottak for farleg avfall på gjenvinningsstasjonen. Ca 60 m². Tilbygg utanfor eksisterande mottak. Venter på skisser og kostnadsoverslag. Lova til budsjettet.

Konsulenttenester frå Asplan Viak.

5 Oppgradering av Manger gjenvinningsstasjon

Her er NGIR invitert til samarbeid med Radøy kommune, som vil bygga brannstasjon på nabotomta. Freistande å få utgreidd dette.

Ein ser her på om felles bygg kan gje gode løysningar. Bygg tenkt plassert i nabogrensa i nord. Underetasje med portar vendt mot gjenvinningsstasjonen. Brannstasjon i 1. etasje vendt motsett veg inn på nabotomta . Mogelege fellesløysingar for garderobe/spiserom/toalett.

Problemstillingar til no: NGIR treng meir areal i samband med utviding av stasjonen. Etterspurd areal har vore eigd av fylkeskommunen. Dei har ikkje vilja selja ein liten del til NGIR, fordi dei har venta på at kommunen skulle kjøpa heile eigedomen frå dei.

For tida er det reguleringsplanarbeid i gang for området, og NGIR har spelt inn sine tankar.

Konsulenttenester frå Multikonsult i regi av Radøy kommune.

6 Sprengingsarbeid nord for administrasjonsbygg

Omfang vert bestemt etter at planar for administrasjonsbygg er bestemt.

Anbodsmateriell for sprenging og knusing av stein er under arbeid.


Mellombels avfallsmottak i Solund

Haustrydding som før hausten 2018. NGIR ynskjer å avvikla ordninga med vår- og haustrydding i Solund, og erstatta det med eit mellombels avfallsmottak. Samtaler og planlegging med Solund kommune er i gang.

b) Oppstrøms og nedstrøms løysingar


Drift av komprimatorbilar

Erlend orienterte om status for innhenting av hushaldsavfall og kostnader per utgangen av juli 2018. Diagram under syner arbeidde timer og køyrde kilometer i 2018.



Neste figur syner reelle tal for transportkostnad per abonnent første halvår 2018 (multiplisert med 2 for å få årskostnad) mot berekna kostnad gjort i 2017.

Transportkostnad renovasjonsbil per abonnent Utrekning september 2018 = reelle tal 1. halvår 2018 x 2



Styret drøfta tala og bad administrasjonen om ytterlegare informasjon til styremøtet 8. oktober:

- Kva kostnader har NGIR ved drift i eigen regi?
- Kva prisar oppnår andre avfallsselskap i marknaden no (korleis utviklar marknaden seg)?
- Kva gjer andre selskap rundt NGIR?
- Dersom eigendrift: Korleis vil kostnadsbiletet endra seg ved å flytta bilar og mannskap til Kjevikdalen? (I perioden etter konkursen i RenoNorden har NGIR leigd lokale (garderobar og dusj, pauserom, kontor og ein hall med plass til ein renovasjonsbil) på Mjåtveit på Frekhaug).
- Kva andre argument kan vera vesentlege i tillegg til dei som er behandla i sak 04/18?

Mogeleg offentleg-offentleg samarbeid

NGIR er i samtaler med BIR om mogeleg offentleg-offentleg samarbeid, først og fremst retta mot restavfall frå NGIR til BIR og slagg frå BIR sitt forbrenningsanlegg til deponi i Kjevikdalen. NGIR held fram med dette arbeidet og utreier moglege løysingar.

c) Godtgjersle til Styre og representantskap

Hilde Lysø orienterte.

I NGIR sine vedtekter, § 9 Representantskapet sitt mynde, er m.a. ” Fastsetja godtgjersle til representantskap og styre” nemnt som ei av sakene som representantskapet som hovudregel skal handsama på årsmøtet. Hjø NGIR har det ikkje vore vanleg å ha dette som fast sak, truleg som følge av at dei fleste satsane for godtgjersle for ein del år sidan vart knytt opp til løn til dagleg leiar, og dermed fekk ei ”automatisk regulering”. NGIR har fått innspel om at det i ei rekkje andre selskap (t.d. Tomteselskapet og Knarvik Industri og Miljø i Lindås kommune) er slik at sak om fastsetting av godtgjersle til styrande organ vert handsama årleg, sjølv om ein då ofte gjer vedtak om at satsane ikkje vert endra. På denne måten sikrar ein at regulativet likevel vert vurdert med jamne mellomrom, og ein syt for at regulativet vert gjort kjent – både internt og eksternt.

Etter å ha undersøkt litt, har administrasjonen funne følgjande:

- Førre gong NGIR sitt regulativ for godtgjersle til styre og representantskap vart revidert var hausten 2012.
- Mange av NGIR sine satsar for godtgjersle er knytt til dagleg leiar si løn. Ein del kommunar og avfallsselskap har no valt å knyta satsar for godtgjersle (direkte eller indirekte) til løn til stortingsrepresentantar.
- Det har tidlegare vore drøfta om godtgjersla til representantskapsmedlemmene hjå NGIR skulle dekkast av kommunane, då representantskapsmedlemmene utfører ei oppgåve på vegne av eigarane. NGIR valte den gongen å ikkje gjennomføra dette.

Styret ynskjer at godtgjersle skal handsamast kvart år. Det er og eit ynskje å knyta godtgjersle opp mot ein ekstern referanse, til dømes løn til stortingsrepresentantar.

For representantskapet vil styret at NGIR held fram med å betala møtegodtgjersle, og å dekkja reise og tapt arbeidsforteneste.

Styret ber administrasjonen om å førebu sak til neste styremøtet, slik at representantskapet kan handsame saka i haust.

d) Sjukefråvær 1. halvår 2018

Dessverre vart det oppdaga ein feil i grunnlaget etter at sakspapira vart sendt ut. Korrigerede tal for sjukefråvær vil verta presentert i neste styremøte.

e) Avfallsmengder 1. halvår 2018

Det vart lagt fram detaljert statistikk over avfallsmengder for 1. halvår 2018.

Hushald

Total mengde hushaldsavfall har gått ned med 2,2 %, tilsvarande ca 250 tonn. Mengd restavfall har gått ned 3,8 %, medan mengd avfall til gjenvinning har gått ned med 1 % samanlikna med 1. halvår 2017.

Næring

Total mengde avfall frå næring er redusert med 7,8 % (ca 1 100 tonn) frå 1. halvår 2017 til 1. halvår 2018.

Avfall til deponi har gått ned med 3 100 tonn. I løpet av første halvår 2016 deponerte NGIR 9 500 tonn tørrstoff frå TWMA. I første halvår 2017 var talet nede i 3 200 tonn. I 2018 vart det ikkje deponert tørrstoff frå TWMA. Mengda papir/papp/plast har auka mest sett i forhold til 2017.

f) Rekneskap 1. halvår 2018

Generelt

Resultatet første halvår er + kr 8 275 000. Det er kr 7 811 000 meir enn budsjettert.

Tilsvarande tal for i fjor var + kr 1 623 000 og kr 131 000 meir enn budsjettert.

Samla sett er driftsinntektene 15,0 % høgare enn budsjettert medan driftskostnadene er 0,2 % høgare enn budsjettert. Ser ein vekk frå vinsten frå salet av tomta til tidlegare gjenvinningsstasjon i Knarvik, er driftsinntektene 1,7 % høgare enn budsjettert.

Oppsummering per rekneskapsområde viser under:

Per 1. halvår 2018	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 10 294 000	kr 2 526 000	kr 7 768 000
Verksemd	kr 169 000	kr 623 000	-kr 455 000
Slam	-kr 2 612 000	-kr 2 748 000	kr 135 000
Bilvrak	kr 425 000	kr 63 000	kr 362 000
Totalt	kr 8 275 000	kr 464 000	kr 7 811 000

Det er sett opp prognosar for inntekter, kostnader og resultat for dei ulike rekneskapsområda. Dette er grove anslag basert på historiske data og forventa kostnads- og inntektsutvikling. Prognosane for heile 2018 kjem ut med følgjande resultat:

Prognose 2018	Forventa resultat	Budsjett	Forventa avvik
Hushald	kr 9 092 000	kr 785 000	kr 8 307 000
Verksemd	-kr 1 135 000	-kr 1 188 000	kr 53 000
Slam	-kr 215 000	-kr 645 000	kr 430 000
Bilvrak	kr 532 000	kr 66 000	kr 466 000
Totalt	kr 8 271 000	-kr 982 000	kr 9 253 000

g) Styre-evaluering

Helge Fjellanger informerte. Det eit krav at styret utfører ei evaluering av seg sjølv. Eit dokument for denne evalueringa vart lagt fram i styremøtet, og skal brukast årleg. Evalueringsskjema vert send ut i september til alle styremedlemmane. Styreleiar samlar inn svara frå styremedlemmene, og førebur på grunnlag av dette ei sak til styremøtet i oktober.

h) Kurs for styret

NGIR sitt styre er utvida med ein tilsett-representant (med vara), og i den samanheng har administrasjonen tatt kontakt med KS med spørsmål om kursing knytt opp mot rolla som styremedlem.

Styret vurderer det slik at dersom dei nye tilsett-representantane ynsker å delta på kurs, er dei velkomne til å gjera det. Eit kurs for eit samla styre i KS-regi er ikkje aktuelt.

Sak 18/18 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring

Sjå orientering/saksutgreiing i styresak 19e/17, styresak 24/17, i representantskaps sak 12/17, protokoll frå representantskapsmøte 05.03.18, og saksutgreiing til representantskaps sak 12/18. I sistnemnde sak gjorde representantskapet følgjande vedtak:

”Representantskapet ber styret i NGIR om å leggja fram forslag til naudsynte endringar i NGIR sin selskapsavtale, knytt til etableringa av Alver kommune, til representantskapsmøtet hausten 2018.”

Eit framlegg til nye vedtekter vart gjennomgått, og fleire punkt vart diskutert. Til neste styremøte (8. oktober) ynskjer styret eit oppdatert framlegg til godkjenning, slik at dette kan takast vidare til handsaming i representantskapsmøtet 29 oktober.

Sak 19/18 Handsaming av klagesaker renovasjonsgebyr

Tilsettrepresentant skal etter IKS-lova § 10 ikkje ta del i handsaminga av saker der selskapet har mynde til å treffa einskildvedtak, og Henrik Kjøpstad var difor ikkje til stades under handsaming av sak 19a-e/18.

NGIR har m.a. som oppgåve å handsama søknadar om dispensasjon/fritak frå ordinært renovasjonsgebyr for hushald og hytter. Etter at NGIR har handsama søknad og fatta vedtak, har søkjar, etter visse retningsliner, rett til å klaga på vedtaket, jamfør lov om offentleg forvaltning. Viss administrasjonen i NGIR ikkje seier seg einig i klagen, skal saka leggjast fram for styret i NGIR for endeleg avgjersle.

NGIR har hatt ein gjennomgang av matrikkelen for Solund kommune, og har funne grunnlag for at fleire hytter er gebyrpliktige etter gjeldande renovasjonsføresegner. Omlag 150 fleire hytter fekk difor varsel om renovasjonsgebyr våren 2018. NGIR fekk mange søknader om fritak, og om lag 50 av desse fekk innvilga fritak etter gjeldande retningsliner.

NGIR har motteke 5 saker frå Solund der administrasjonen i NGIR ikkje vil ta søknad om fritak til følgje. Desse klagenene (med søknad og vedtak) vart difor lagt fram for styret til avgjersle.

Klagenemnda sitt vedtak:

Klagenemnda tek ikkje klagenene i sakene 19a-e/18 til følgje.

Klagenemnda har bede administrasjonen om å starta ein prosess med å greia ut moglegheita for å differensiera renovasjonsgebyret for hytter.

Klagenemnda ber administrasjonen undersøka korleis NGIR sin praksis knytt til handsaming av klagesaker er, samanlikna med praksis hjå andre avfallsselskap.

Kjevikdalen, 05.09.2018

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-nestleiar-

Martin Soltveit
- styremedlem-

Ragnhild Tykhelle Langøy
-styremedlem-

Kariann Ekren
-1. vara-

Henrik Kjøpstad
-tilsettrepresentant-